



Kulturdepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep

0030 OSLO

NOU:2 2014 LIK OG LIKSKAP – HØYRINGSUTTALE FRÅ SULA SOKN

Viser til vedlegg som inneholdt Sula sokneråd sin høyringsuttale til NOU:2 2014 – Lik og likskap.

Høyringsuttalen frå Sula sokneråd vert med dette oversendt til Kirkeavdelingen i Kulturdepartementet.

Langevåg, 25.09.2014
For Sula sokneråd (kyrkjeleg Fellesråd)

Per Kåre Volle
Kyrkjeverje

Vedlegg



NOU 2014:2 Lik og likskap

Sula sokneråd viser til høringsbrev datert 22.4.2014, og gir slik høringsuttale:

- Sula sokneråd er samd i at kremasjonsavgifta kan fjernast, og at ansvaret for båretransporten til krematoriet blir overført frå NAV til gravplassforvaltninga.
- Sula sokneråd er samd i at alle skal ha rett til fri grav i 20 år, og at dette skal gjelde også ved gravlegging i festa grav.
- Sula sokneråd er samd i at retten til fri grav ikkje lenger kan knyttast til den kommunen der vedkomande er innført i folkeregisteret, og har ikkje merknader til forslaget til satsar og forslag til ordning mellom gravplassforvaltningane ved utenbygds gravlegging.
- Sula sokneråd er samd i at myndet til å fastsette festeavgift framleis skal ligge til den lokale gravferdsforvaltninga, men meiner at det må vere høve til å differensiere festeavgifta for ulike typer graver. Gravferdsforvaltninga må ha høve til å kunne bruke festeavgifta som virkemiddel når det oppstår behov for å kunne stimulere til auka bruk av forskjellige gravtyper.
- Sula sokneråd har ikkje merknader til at krav til kjølerom og syningsrom blir lovregulert, og slutter seg til utvalet sitt forslag om at det kan bli høve til gravlegging i kolumbarium og askespreiing på gravplass.
- Sula sokneråd tar til vitande at utvalet sine forslag fører med seg eit inntektsbortfall for gravferdsforvaltninga, og at dette vil bli kompensert etter den generelle kostnadsnøkkelen. Sula sokneråd reknar med at vedkomande departement over for kommunane gir tydeleg melding om at overføringane til dei kyrkjelege fellesråda si gravferdsforvaltning blir auka på grunnlag av dei behova som blir dokumenterte lokalt.

Olav Hoff

Arne Lerheim

Langevåg, 24.09.2014

Per Kåre Volle
kyrkjevevje

Kontoradresse:	Postadresse:	Telefon:	E-post:	Org.nr.:	Kontonr.:
Rådhuset	Postboks 228	70 19 96 00	kyrkjekontoret@	976 997 328	8647.10.92209
6030 LANGEVÅG	6039 LANGEVÅG	Telefaks:	sula.kommune.no		
		70 19 96 01	www.sula.kyrkja.no		